

Råd til foreldre for å minske smitterisikoen ved RS-virus:

- Hald barn med **nye symptom på luftvegsinfeksjon** heime frå barnehage, også ved negativ koronatest. Dette kan minske smittespreiing til andre barn, uansett virus. Som for andre sjukdommar, er du mest smittsam i starten.
- Dei som har **små barn under 2 år**, bør unngå besøk av vaksne og barn som har luftvegssymptom – det er eit godt råd òg når det ikkje er virussesong.
- I familiar med **nyfødde og spedbarn**, bør besøk reduserast. Dersom familien har behov for støtte, omsorg og avlasting, bør dette likevel tas i vare.
- Storesøsken må **vaske hender** når dei kjem heim frå barnehage eller skule før dei helser på spedbarn i familien.
- **Dersom storesøsken blir sjuke**, bør foreldre passe på at dei ikkje er tett på spedbarnet, sjølv om det kan vere vanskeleg i praksis. Dette er særleg viktig i dei første dagane av ein luftvegsinfeksjon når du er mest smittsam.

Hald barn heime frå barnehagen til symptoma er mildare, forma er fin og barnet har vore feberfri i minst 24 timer.



Kontakt lege om du er bekymra og barnet har anstrengt eller tung pust, feber og er slapp.

Mange ulike virus kan gi liknande symptom, så det viktigaste er å kontakte lege når du er bekymra.

